

Nyhendebrev 3/2022



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem aktuelle nyhende frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar i tredje kvartal 2022

Her kjem ei oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme	
		Gloppen	Stad
	Felles for Gloppen og Stad		
Drenering , attverande råme	Løpande	300.000	210.000
Tilskot til skogkultur (haustplanting)	7. november	100 000	100 000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	1.000 000	600 000
Produksjonstilskot og avløyser del 2 (PT)	15. oktober		
Regionalt miljøtilskot (RMP)	15. oktober		
Erstatning ved produksjonssvikt	31. oktober		

Framande artar



Vestamerikansk hemlokk.
Foto: Statsforvaltaren i Vestland.

Ein framand art er ein art som ikkje høyrer naturleg heime i eit område, og som ikkje kunne ha kome seg dit utan hjelp frå menneske.

Det er ikkje praktisk mogleg å setje i gang tiltak mot alle framande, skadelege artar. Statsforvaltaren skriv på si side at ein må gjere prioriteringar i forhold til 1) trugsmål mot stadeigen natur, 2) moglegheit for vellukka resultat, og 3) kor mykje tiltak vil koste. Statsforvaltaren har sett inn tiltak på vestamerikansk hemlokk, i tillegg til hagerømlingar som hagelupin, rynkerose, kjempespringfrø og kjempebjørnekjeks/tromsøpalme.

Vi ønskjer å få ein oversikt over framande artar i kommunane våre. Det beste er om observatøren sjølv legg inn funn i [Artsobservasjoner](#). Her bør ein samtidig legge inn fotodokumentasjon av funnet, dette er særleg viktig for artar med forvekslingsfare eller om ein er i tvil.

Applikasjonen finst som «app» for både Andriod og IOS (iPhone). Les meir på [heimesida til Statsforvaltaren](#).

Sjekkliste om hausten

Gjødselportar som har vore i bruk over tid vil trenge ettersyn. Sjekk plate, skruar og innfesting då miljøet er for portane er tørt. For utbetringar av gjødselportar ligg det òg i [Strategiplan for spesielle miljøtiltak for jordbruket og tiltak i beiteområde](#) at utbetring av gjødselport kan søkjast SMIL-midlar til. Husk også gardstankar med meir før vinteren for å unngå ureining.

Husk også å sjekke bekkar, elvefar og kulvertar slik at vatnet kan renne fritt til elv og du unngår flaum og oversvømming

Produksjonssvikt grunna klimatiske skadar

Dersom det oppstår reduksjon i avlingsnivået som skuldast klimatiske tilhøve kan det søkjast erstatning frå Landbruksdirektoratet. Som tidlegare er det ein eigenandel på 30 % som føretaka må dekke sjølve. Er det truleg eller sannsynleg at avlingssvikten overstig dette må det snarast meldast inn til kommunen at føretaket har mogeleg avlingssvikt.

Les meir om søknad her: [Tilskot ved produksjonssvikt i avling](#)

Søknadsfristen for erstatning er **31.oktober**.

Siste frist for spreieing av husdyrgjødsel

Siste frist for spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding er **20. september**. Det kan i særlege høve søkjast dispensasjon denne fristen. Vær raske med å kontakte landbrukskontoret ved problem med å halde fristen. Vi er løysingsorienterte.

Agros og andre søknadssystem

Det er mange ulike søknadssystem for tilskotsordningar i jordbruket. For å sjå korleis du kan finne fram til søknaden din i Agros (SMIL, UKL, drenering, sjukdomsavløyning), eStil-PT, eStil-RMP og OBB går du inn via Altinn eller Landbruksdirektoratet. Sjå på lenka her for å få rettleiing korleis du går fram: [Søkeveiledning - Landbruksdirektoratet](#)

Spør oss om de treng hjelp til å finne fram!

Hjortejakta

Hjortejakta 2022 er godt i gang. Det ryktast at dyra står høgt i terrenget ein del plassar, noko som til no har gjort det litt vanskeleg for somme. Vi får håpe at regnet vi har hatt siste dagane har ført til at dyra har trekt litt lenger ned i terrenget.

Nytt for året er at det ikkje skal leverast inn kjevar i Gloppen. Likevel ber vi om at alle tek vare på kjevane som normalt til ei ny ordning er kome på plass. Dette vil vere på plass før jaktslutt. Administrasjonen vil også minne jegerane på å registrerte sette og skotne dyr på hjorteviltregisteret.

Administrasjonen vil ynskje alle jegerar skitt jakt, med høg og god avskyting!



*Vi håpar på fine jakt dagar i haust!
Foto: Bjørnar Eikenes, Gloppen kommune.*

Rekruttering til jakt

På landbrukskonferansen for landbruksforvaltninga i fylket i september informerte Vestland fylkeskommune om at det i gamle Sogn og Fjordane var dårleg rekruttering til jakta. Eit kjapt søk på SSB synte at det i Stad kommune er auke i tal jegerar som betalar jegeravgift og ei svak auke i tal jegerar på hjortejakt. I Gloppen kommune er det eit minkande tal jegerar som betalar jegeravgift, mens trenden på tal jegerar på hjortejakt er heilt stabil.

Kanskje bør valda tenke på korleis dei kan legge til rette for rekruttering av nye jegerar i hjortejakta i framtida og korleis ein eventuelt kan få informasjonen ut til interesserte som kanskje ikkje er direkte knytt til valda?

Rekruttering til bærneringa i Gloppen, Stad og Stryn 2022-2024

Vi treng fleire bærdrakarar i Nordfjord og vi må arbeide for at fleire ser på bær som ein mogleg framtidig næringsveg i landbruket. Landbrukskontoret i Gloppen og Stad har fått midlar frå Vestland fylkeskommune til å setje i gang eit rekrutteringsprosjekt i bærneringa. Prosjektet er eit samarbeid mellom Gloppen, Stad og Stryn kommune og produsentlaga.

Målet med prosjektet er å rekruttere nye bærdrakarar, skape auka motivasjon for å halde fram i bærneringa, auke kompetansen og legge til rette for å ta i bruk nye produksjonsmetodar. Prosjektet har og som mål å utvikle nye former for samarbeid og organisering som kan gjere neringa meir attraktiv og nytte nye areal til bærproduksjon. Prosjektet er toårig. Prosjektet startar opp denne hausten og tida fram til jul vil verte nytta til å kartlegge status på bærneringa. Vi håpar at de som driv med bær stiller opp med din kunnskap og dine synspunkt for å gje innspel inn i prosjektet. I løpet av prosjektperioden skal vi arrangere kurskveldar, studietur og få testa ut ulike former for samarbeid mellom bærdrakarane.



Jordbær.

Foto: Trine Alme, Gloppen kommune.

Kurs for nye (og gamle) skogeigarar

Om du treng å lære litt meir om forvaltning av skogressursane dine og korleis du får best mogleg avkastning på verdiane dine, om du er ny skogeigar eller treng litt oppfrisking, kan du no kome på skogkveld!

Dei komande vekene vert det skogsamling både i Stad og Gloppen der tema både vert hogst, ungskogpleie, skogfond, tilskotsordningar og mykje meir! Skogselskapet i Sogn og Fjordane og landbrukskontoret ynskjer alle skogeigarar hjarteleg velkomne! Kvelden er gratis og det er ingen påmelding.

Vel møtt!

Stad: Kommunestyresalen, Rådhuset på Eid – måndag 19. september kl. 17.00 – 20.00.

Gloppen: Kommunestyresalen, Heradshuset på Sandane – måndag 3. oktober kl. 17.00-20.00.

Frist for å søkje om tilskot til nyplanting og suppleringsplanting 2022

Mange skogeigarar har forynga eller supplert tidlegare forynga skog i sommar eller tidleg haust. Dette er viktig arbeid som kommunen løyver tilskot til og som skogeigar elles kan nytte skogfond til å dekke resterande kostnader med gunstige skattefordelar. Då er det viktig at du får søkt om tilskot innan fristen! Vi må ha inn søknadar så raskt som råd og **seinast 7. november**. Etter dette vil du ikkje få handsama søknaden og går glipp av tilskot.



Skogen din er ein viktig ressurs både økonomisk og for klimaet. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Du søker via Altinn eller nyttar skjemaet på lenka under. **Hugs å legge ved kart der du har planta og kopi av faktura på plantekjøp og/eller innleigd arbeidskraft.** Ta kontakt med kommunen om du har spørsmål til utfylling av søknaden.

Lenke til skjema: [LDIR-909 N Utbetaling frå skogfond og søknad om tilskot til skogkultur.pdf \(landbruksdirektoratet.no\)](#)

Hugs å søkje PT og RMP

Søknadsportalen for regionalt miljøtilskot i jordbruket, RMP, er no open (15. sept) og det er ingen grunn til å vente med å søkje! Søknadssenteret for produksjonstilskot opnar 1. oktober.

RMP og PT har søknadsfrist laurdag 15. oktober. Treng du hjelp, er det fint om du tek kontakt med Åse Marie eller Trine i god tid, då vi ikkje vil kunne hjelpe alle siste veka. Bernt og Odd-Harald står og parat til å rettleie.

OBS: Om du rettar søknaden må du hugse å sende inn på nytt!

*Landbrukskontoret i Gloppen og Stad ynskjer alle ein fin haust!
Helsing Trine, Bernt, Åse, Karoline, Lindis, Bjørnar og Odd-Harald.*